



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 05/2024

Møtedato: 14.02.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Sak 05-24 Oppføring av handikapp fiske-brygge - Buaråne

Fjellstyret driv mykje med tilrettelegging for allmenn ferdsel. Det er lagt til rette for bevegelseshemma ved Rensenn (utedo med rampe), og ved Haugvørpe (utedo med rampe).

Elva Buaråne som renn ut i Storfjorden er ein mykje brukta rastepllass. Her har og fjellstyret mange av sine ungdomstiltak knytt til skulen. I seinare tid er dette området oppgradert med forbetra båtrampe, fleire teltplassar i tillegg til at det er ein utedo der frå før.

Dermed er dette eit godt utgangspunkt for å sjå på meir tilrettelegging, eks ei fiskebrygge for bevegelseshemma. Dette har og tidlegare blitt diskutert i fjellstyret, utan at dette er iverksett. Sett i samanheng med at fjellstyret har sett opp i hytte som er tilrettelagt for m.a. rullestol, kunne det vært ein ide å take opp diskusjonen om fiskebrygge att.

Det søkes om midler til tilrettelegging frå UKL, der ein har att ein pott som kan vere med å dekke dette tiltaket. I tillegg er det muleg å søkje om delfinansiering frå andre kjelder. Då bør ein fyrst ta stilling til om det skal etablerast eit slikt tiltak, og i kva omfang.

Terrenget på sørsida av brua ved Buaråne er mest eigna til dette tiltaket, då det er passe flatt og lite høgdeskilnad. Dermed vert det eit mindre omfang på tiltaket, noko som er eit poeng.

Etter administrasjonen sitt skjønn er dette eit godt tiltak for allmennheten, og enn så lenge det finst ein del midler til støtte bør ein prøve å få dette til. Området er sjekka ut med tanke på naturverdiar/kulturminne/naturmangfaldlova osv. Det er ikkje funne noko her som gjer at tiltaket ikkje kan gjennomførast. Når det gjeld flaum, er alle tiltak i strandsona utsett for dette. Då er det viktig å etablere dette på ein slik måte at evt flaum ikkje gjer skade – noko som er handterbart her.

Det er avklara aksept frå grunneigar – Statskog i epost 29.01.2024. Etter dialog med kommunen, må det søkjast om dispensasjon etter Plan- og bygningslova for dette tiltaket. Dette til info.

På sikt kan dette innebere at ein må tilpasse/evt byggje ny utedo ved Buaråne som er tilpassa bevegelseshemma brukarar. Dette vert imidlertid eit prosjekt ein kan sjå på i ettertid.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret ber administrasjonen planlegge og setje i verk arbeid med å etablere handikapp-fiskebrygge ved Buaråne. Det inneber avklaring opp mot regelverk samt evt å søkje om midler til gjennomføring.

Behandling:

Forslag om makstak på egenandel - kr 40 000,-

Vedtak:

Fjellstyret ber administrasjonen planlegge og setje i verk arbeid med å etablere handikapp-fiskebrygge ved Buaråne. Det inneber avklaring opp mot regelverk samt evt å søkje om midler til gjennomføring. Makstak på egenandel - kr 40 000,-

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding/uttale frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.02.2024

Kenneth Monsen
sekretær